

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 294/2023

av 27. oktober 2023

om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonsavgjerd (EU) 2023/1540 av 25. juli 2023 om endring og retting av avgjerd (EU) 2021/1870 om fastsetjing av kriteria for tildeling av EU-miljømerket til kosmetiske produkt og dyrepleieprodukt⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Vedlegg XX til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I EØS-avtala vedlegg XX nr. 2y (kommisjonsavgjerd (EU) 2021/1870) vert følgjande lagt til:

”, endret ved:

- **32023 D 1540:** Kommisjonsavgjerd (EU) 2023/1540 av 25. juli 2023 (EUT L 187 av 26.7.2023, s. 76).”

Artikkel 2

Teksta til avgjerd (EU) 2023/1540 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 28. oktober 2023, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

⁽¹⁾ TEU L 187 av 26.7.2023, s. 76.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Utferda i Brussel 27. oktober 2023.

For EØS-komiteen

Pascal Schafhauser

Formann

UOFFISIELL OMSETJING